



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2010 Tilstandsrapport 2010 for vidaregåande opplæring

Hovudutval for opplæring



I 2010 var det totalt 5 393 søkjarar til vidaregåande opplæring. Av desse søkte 500 til opplæring i bedrift.

5036 av søkjarane hadde ungdomsrett, av desse 429 til bedrift.

Inntekne elevar til fylkeskommunale vidaregåande skular i Sogn og Fjordane i 2010 var 4240. Dette er 42 fleire elevar enn i 2009.

I tillegg kjem 57 elevar som går på skule i andre fylke og 95 som går på privatskule i Sogn og Fjordane.

Det vart inngått 560 nye lærekontraktar. Dette er 84 fleire enn i 2009. Ved utgangen av 2010 var det registrert 900 løpande lærekontraktar.

I 2010 vart det teikna 52 lærekontraktar i andre fylke.

Det vart i 2010 sett i gang 14 ulike kurs for vaksne, med til saman 209 deltakarar. 101 av deltakarane hadde rett til vidaregåande opplæring, medan 108 var utan rett/retten ikkje avklara.

209 fullførte og bestod vidaregåande opplæring for vaksne i 2010.



SAMANDRAG

Årsmelding 2010/tilstandsrapport for vidaregåande opplæring er utarbeidd på basis av målekart vedteke av fylkestinget for 2010 og krava til årleg rapportering om tilstanden i vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 13-10.

Innleiinga inneheld ei overordna vurdering av utviklinga av tenestene innan opplæringssektoren i 2010 og utfordringar framover.

Kapittel 2 vurderer måloppnåing/resultat i høve vedteke målekart for 2010. Gjennomgangen er systematisert ut frå strategiske fokusområde med tilhøyrande kritiske suksessfaktorar og måleindikatorar. Resultata er målt opp mot vedteke ambisjonsnivå. I tillegg omhandlar kapitlet temaområde for 2010 som ikkje vert dekkja av målekartet.

Kapittel 3 viser korleis ein arbeider for å utnytte tildelte ressursar på ein effektiv måte.

Kapittel 4 omtalar tiltak knytte til folkehelse, fysisk miljø og inneklima.

Kapittel 5 inneheld oversikt over spesielle politiske saker.

Kapittel 6 omhandlar kjønnsfordelinga på utdanningsprogram for søkjarar til vidaregåande opplæring og for søkjarar til opplæring i bedrift skuleåret 2009/10. I tillegg viser kapitlet kjønnsfordelinga blant leiarar og pedagogisk personale i sektoren, sett opp mot aldersfordeling. Her vert også oppfølginga av vedteken handlingsplan for Likestilling, likeverd og mangfald omtala.

Vedlegg 1 inneheld tabellarisk framstilling av rapportering for 2010 i høve vedteke målekart/ tilstandsrapport for vidaregåande opplæring for 2010. For samanlikning er også resultata for 2009 teke med i tabellen. Vedlegg 2-4 inneheld karakterstatistikk.



INNHALD

1. INNLEIING	4
2. MÅLOPPNÅING/RESULTATVURDERING	6
2.1 TENESTEPRODUKSJON/BRUKARPERSPEKTIVET (T)	6
2.2 REGIONAL UTVIKLINGSAKTØR (R)	14
2.3 RAMMEVILKÅR/ØKONOMI (Ø)	17
2.3.1 Rapportering frå dei vidaregåande skulane	17
2.3.2 Nærare om måleindikator Ø1- 1 Avvik i høve budsjett – årsresultat for tenesteområda innan opplæringssektoren.....	21
2.3.3 Nærare om måleindikator Ø2-1 Avvik mellom årsprognosar og årsrekneskap	28
3. EFFEKTIVISERINGSTILTAK	29
4. FOLKEHELSE, FYSISK MILJØ OG INNEKLIMA	29
4.1 FOLKEHELSEARBEID GENERELT.....	29
4.2 PSYKISK HELSE	29
4.3 ERNÆRING.....	29
4.4 FYSISK AKTIVITET	29
4.5 RUS OG TOBAKK	29
4.6 SKADER OG ULUKKER.....	29
4.7 FYSISK MILJØ OG INNEKLIMA	30
5. SPESIELLE POLITISKE SAKER	30
6. LIKESTILLING	31
6.1 SØKJARAR TIL SKULEÅRET 2010/2011 FORDELTE PÅ KJØNN, UTDANNINGSPROGRAM OG LÆREFAG	31
6.2 STATUS OG UTFORDRINGAR I HØVE PERSONALSITUASJONEN VED DEI VIDAREGÅANDE SKULANE	32
6.3 OPPFØLGING AV VEDTEKEN HANDLINGSPLAN FOR LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD	33

VEDLEGG 1

TABELLARISK FRAMSTILLING AV RAPPORTERING FOR 2010 I HØVE VEDTEKE MÅLEKART FOR OPPLÆRINGSEKTOREN

VEDLEGG 2-4

KARAKTERSTATISTIKK



1. Innleiing

Kvalitet i vidaregåande opplæring

Vedtekne mål- og strategiar for vidaregåande opplæring 2008-2011, “Rom for alle – syn for den enkelte”, med tilhøyrande handlingsprogram, låg til grunn for prioriteringane som vart gjort i opplæringssektoren i 2010. Som ein del av kvalitetssystemet vart rullering av handlingsprogrammet handsama av hovudutval for opplæring i mai 2010. Mandat for og organisering av arbeidet med utarbeiding av nytt mål- og strategidokument for 2012-2015, vart vedteke av hovudutval for opplæring hausten 2010.

2010 er andre året med berbar PC for elevar i vidaregåande opplæring. Også dette året var utvikling av digital kompetanse, tryggleik ved eksamen og etablering av naudsynt infrastruktur (straumuttak) prioriterte område.

Som ein del av prosjektet “Karriere Sogn og Fjordane” vart ressursen til regionkoordinatorar vidareført for skuleåret 2010/11. Desse har delansvar for prosjektet i regionane og ansvar for å organisere faget utdanningsval. I regi av prosjektet vart også kompetanseheving for rådgjevarar og kontaktlærarar prioritert, m.a. ved gjennomføring av “næringsreiser” innan nokre utdanningsprogram.

Gjennom plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane for 2010, deltok pedagogisk personale frå fylket i vidareutdanning på masternivå i norsk og realfag. Leiaropplæring for 27 personar kom i gang hausten 2010, med avslutning april 2011. I tillegg har fem lærarar teke rettleiings- og mentorutdanning. Fleire skular har delteke på Ikt-didaktikk-studium arrangert

av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det har også vore digital leiaropplæring for rektorar/ mellomleiarar og klasseleiingskurs. I alle fagnettverka har det vore arbeidd med temaet vurderingsarbeid i høve elevane.

Frå 2010 har fylkeskommunen ansvar for rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket. Plan for arbeidet vart politisk handsama i hovudutval for plan og næring i juni 2010. Midlane vart i hovudsak fordelte på tre område; kortare kurs, nettbasert agronomutdanning og utlysing etter kriterium og mål i planen.

Det er frå 2010 budsjettert med fylkeskommunale midlar til open skule – leksehjelp ved dei vidaregåande skulane.

Hausten 2010 vart det gjennomført obligatoriske kartleggingsprøvar i rekning og lesing og ei frivillig kartleggingsprøve i engelsk på Vg1. Informasjon frå kartleggingsprøvane skal brukast internt av skulane og lærarane for å identifisere elevar med særskilde utfordringar, slik at dei kan få ekstra oppfølging. Fylkeskommunane er tilført midlar til kompetanseheving og utprøving av ulike oppfølgingstiltak, som t.d. utvida leksehjelp.

Ny GIV - Gjennomføring i vidaregåande opplæring - er ein nasjonal dugnad som vart sett i gang hausten 2010 for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Ny GIV omfattar eit “overgangsprosjekt”, eit “oppfølgingsprosjekt” og eit “telje- og statistikkprosjekt”. Overgangsprosjektet går ut på å følgje opp elevar som har lite utbytte av skulegangen frå det siste halvåret av ungdomssteget og på vg1 og vg2 i vidaregåande opplæring. Oppfølgingsprosjektet er i samarbeid med NAV, der målet er å kvalifisere ungdom som



ikkje er i utdanning eller arbeid til å delta i opplæringsløp som fører fram til godkjend kompetanse. Telje- og statistikkprosjektet skal sikre skuleeigar fullt oversyn over den delen av ungdomsgruppa som ikkje er under utdanning eller i arbeid.

Det statleg tildelte ekstratilskotet i høve tilskot til lærebedrifter vart i 2010 m.a. nytta til ekstra tilskot til lærebedrifter som tok inn nye lærlingar. I tillegg vart det nytta midlar til prosjekt for å auke tal lære plassar. Prosjektet vart vidareført for 2011.

Ansvar for fagskuleutdanning

Fylkeskommunen fekk frå 2010 ansvar for drift og finansiering av fagskuleutdanninga. Frå same tidspunkt fekk fylkeskommunen ansvar for forvaltning av tilskotsordninga for fagskuleutdanning i helse- og sosialfag.

Dei vidaregåande skulane som utviklingsaktørar

I 2010 vart om lag 2,5 mill kr av dei regionale utviklingsmidlane øyremerkte stimulering av utviklingstiltak ved dei vidaregåande skulane. Kriterium for tildeling av midlar var forankring i fylkeskommunale

styringsdokument og skulen sin utviklingsplan. Tiltaka skal stimulere til auka samarbeid med lokalt - og regionalt arbeidsliv, for utvikling av både vidaregåande opplæring og lokalsamfunnet.

Bygge- og investeringsprosjekt

Også i 2010 var det fokus på arbeidet med dei store bygge- og investeringsprosjekta i opplæringssektoren. Av større prosjekt kan nemnast:

- Sogndal vidaregåande skule: bygging av samlokalisert skule, 1. byggesteg. Starta hausten 2008.
- Dale vidaregåande skule: fullføring av byggeprosjekt som tok til i 2008.
- Flora vidaregåande skule: ombygging/rehabilitering/nybygg. Starta i mai 2009.
- Firda vidaregåande skule: innvendig ombygging/rehabilitering. Starta i juni 2010.
- Høyanger vidaregåande skule: tilrettelegging og ombygging. Prosjektet vart ferdigstilt til skulestart 2010.
- Øyrane vidaregåande skule: fullføring av kaldt lager II.



2. Måloppnåing/resultatvurdering

Som ein del av budsjett 2010/økonomiplan 2010-13 (FT-sak 0075/09), vedtok fylkestinget målekart for opplæringssektoren. Målekartet viser mål, strategiske fokusområde, kritiske suksessfaktorar, måleindikatorar og ambisjonsnivå for 2010. I vedteke budsjett 2010/økonomiplan 2010-13 heiter det m.a.: *Målekartet for opplæringssektoren er i hovudsak ei vidareføring frå 2009, med nokre justeringar. Målekartet er avstemt med det overordna målekartet, jf. kap. 3, og vedteke handlingsprogram for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2008-2011.*

I ansvarsbrev frå fylkesdirektøren for opplæring til dei vidaregåande skulane vart det m.a. informert om fylkestinget sitt vedtak om målekartet for sektoren.

Skuleeigar er frå 01.08.09, med heimel i opplæringslova § 13-10, pålagd å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Tilstandsrapporten skal leggjast fram for

fylkestinget som grunnlag for drøfting. For Sogn og Fjordane dekkjer kvalitetssystemet Balansert målstyring (vedteke målekart) og årsmeldinga krava som ligg til ein tilstandsrapport, med unnatak av områda spesialundervisning og opplæring for vaksne etter kap. 4A i opplæringslova.

Under følgjer rapportering på måleindikatorar knytt til kritiske suksessfaktorar for kvart av dei strategiske fokusområda i vedteke målekart, i tillegg til områda i tilstandsrapporten som ikkje vert omtala i målekartet. Vedlagt følgjer også ei tabellarisk framstilling av rapporteringa (vedlegg 1).

I deler av rapporteringa er nemninga “grøn skåre” nytta. Dette skal tolkast slik:

Skala frå 1-5, der 5 er best:

- grøn skåre=like bra som eller betre enn 3,3

2.1 Tenesteproduksjon/brukarperspektivet (T)

Kritisk suksessfaktor: Samarbeid om opplæringstilbodet i regionane (T1)

Måleindikator: Opplevd nytte av samarbeid mellom skulane i regionen (T1-1)

Ambisjonsnivå: Gjennomsnitt i regionane > 4,5 (skala 1-6)

Resultat:

Skulane vert bedne om å vurdere nytten av å samarbeide om opplæringstilbodet regionvis, på ein skala frå 1-6, med 6 som optimalt utbytte. Resultatet frå kartlegginga syner at dei vidaregåande skulane i snitt har vurdert

nytteverdien til 3,6. For Sogn er snittet 3,3, for Sunnfjord 3,4 og for Nordfjord 4,5. Fire av skulane har vurdert samarbeidet til 5, og to av skulane rapporterer at samarbeidet har liten eller ingen nytte.

Vurdering:

Gjennomsnittsresultatet på 3,6 er 0,2 lågare enn i fjor, og ein ligg framleis for langt under vedteke ambisjonsnivå på > 4,5.

Det er ulik oppleving av verdien av samarbeidet, og sjølv om totalskåren er lågare enn i fjor er det fleire som opplever at



samarbeidet er styrkt. Fylkesdirektøren vil følge opp og drøfte resultatene med rektorane i arbeidet med opplæringsstilbudet.

Måleindikator: Tilbod om fjernundervisning (T1-2)

Ambisjonsnivå: Tal tilbod >1 pr. skule

Resultat:

Rapporteringa frå skulane viser at 7 av skulane i 2010 har gjennomført undervisningstilbod som fjernundervisning, for til saman 202 elevar. Døme på fag er helsefag, norsk, matematikk, agronomutdanning, marknadsføring og leing.

	Tal skular	Tal elevar	Tal tilbod
2009	6	187	14
2010	7	202	11

Tabellen syner resultatene for dei to siste åra. I 2010 har halvparten av skulane (+ 1 frå året

før) gitt tilbod om fag som fjernundervisning. Tal tilbod er redusert frå 14 til 11. Tal elevar som har gjennomført fjernundervisningstilbod viser ein liten auke.

Vurdering:

I målekartet er ambisjonsnivået sett til >1, dvs. at alle skulane skal ha sett i gang minst eitt fjernundervisningstilbod retta mot elevar. Det er fylkesdirektøren si vurdering at dette framleis er eit område som har for svakt fokus frå skulane si side. Alle skulane har utstyr som gjer det mogeleg å tilby fjernundervisning, og fylkesdirektøren vil ta ein grundig gjennomgang av kva som er årsakene til at utstyret ikkje vert brukt i samsvar med intensjonane. Sett i lys av at elevtalet i fylket går ned dei næraste åra, og sektoren difor må tilpassast nye rammevilkår, bør fleire skular sjå verdien av å samarbeide og å kunne tilby elevane fag og tilbod som fjernundervisning

Kritisk suksessfaktor: Læringsmiljø (T2)

Måleindikator: Tilpassa opplæring (T2-1)

Ambisjonsnivå: "Grøn skåre"

Resultat:

For denne måleindikatoren er resultatene henta frå Elevundersøkinga 2010. Det er i undersøkinga brukt ein skala frå 1-5, med 5 som høgaste. I elevundersøkinga dekkjer områda mestrings-, motivasjons-, fagleg rettleing og fagleg utfordring måleindikatoren tilpassa opplæring.

	Mestrings	Motivasjon	Fagleg rettleing	Fagleg utfordring
08/09	x	3,8	3	x
09/10	3,8	3,8	3,1	3,4

x= ikkje tilgjengelege tal, då spørsmålet vart endra frå 2010

Dei fire områda er bygde opp rundt til

saman 11 underspørsmål, som mellom anna handlar om lekser, tilbakemelding og rettleing, arbeidsformer og eigeninnsats. Resultatene gir ein snittverdi på 3,4.

Vurdering:

Resultatene i Sogn og Fjordane ligg på same nivå som landssnittet. Resultatene viser at ambisjonsnivået for måleindikatoren er nådd.

Måleindikator: Trivsel (T2-2)

Ambisjonsnivå: "Grøn skåre"

Resultat:

For denne måleindikatoren er resultatene henta frå Elevundersøkinga 2010. Det er i undersøkinga brukt ein skala frå 1-5, med 5 som høgaste.



I elevundersøkinga er dette området delt i 2 spørsmål: trivsel med lærarane og sosial trivsel.

Resultata for Sogn og Fjordane er slik:

	Trivsel med lærarane	Sosial trivsel
08/09	3,8	4,3
09/10	3,9	4,3

Resultata gir ein snittverdi på 4,1. Sosial trivsel er igjen delt i tre underspørsmål. Her viser resultata for Sogn og Fjordane følgjande:

	Trivst du godt på skulen	Trivst du saman med gruppa/ klassen din	Trivst du i friminutta
08/09	4,2	4,3	4,4
09/10	4,3	4,3	4,4

Vurdering:

Landsgjennomsnittet dei siste to åra er 3,8 for trivsel med lærarane og 4,3 for sosial trivsel. Sogn og Fjordane plasserer seg difor heilt på gjennomsnittet.

Det er ei svak positiv utvikling det siste året i høve trivsel på skulen, for dei andre områda er det heilt stabilt. Med utgangspunkt i eit ambisjonsnivå på “grøn skåre”, må eit snittresultat på trivsel på 4,1 kunne seiast å vere bra.

Måleindikator: Læring (T2-3)

Ambisjonsnivå: “Grøn skåre”

Resultat:

For denne måleindikatoren er resultata henta frå Elevundersøkinga 2010. Det er i undersøkinga brukt ein skal frå 1-5, med 5 som høgaste. Nokre av spørsmåla er nye, og er difor ikkje samanliknbare med tidlegare år. Tabellen under inneheld difor berre resultata for 2010.

Området læring byggjer på 12 spørsmål knytte til mellom anna arbeidsmåtar og motivasjon:

Kor ofte greier du dei oppgåvene du har som lekse utan å be om hjelp?	3,85
Kor ofte forstår du det som læraren gjennomgår og forklarar?	3,74
Kor ofte gir du opp når du arbeider med skolearbeid fordi du synest det er for vanskeleg?	3,32
Kor ofte brukar du skriftlege planar når du er på skolen?	3,02
Når eg arbeider med skolefag, startar eg med å finne ut nøyaktig kva eg treng å lære	3,16
....., forsikrar eg meg om at eg hugsar dei viktigaste tinga	3,96
....., lærer eg utanåt så mykje som mogeleg	3,47
....., øver eg meg med å gjenta stoffet om att og om att for meg sjølv	3,34
....., prøver eg å knyte det nye stoffet til ting som eg har lært i andre fag	3,6
....., prøver eg å forstå stoffet betre ved å knyte det til noko eg kan frå før	3,89
Eg har tru på at eg kan forbetre meg i faga viss eg sjølv vil det	4,1
Eg har mista trua på at eg kan forbetre meg i fag sjølv om eg vil det	3,77

Vurdering:

Ambisjonsnivået er på området læring sett til “grøn skåre”. Snittresultatet her er 3,6 og må og vurderast som å vere akseptabelt.

Måleindikator: Hybelbuarar på Vg1 (T2-4)


Ambisjonsnivå: Færrest mogleg ufrivillege

hybelbuarar.


Resultat:

Av elevane på Vg1 budde 21 % på hybel (365 av 1735) Det er 0,7 % færre enn skuleåret 2009/10. Hybelbuarane på Vg1 utgjør 31,2 % av totalt tal hybelbuarar. Diagrammet under syner fordeling mellom utdanningsprogramma.





Kjelde: SATS



Kjelde: SATS

Skuleåret 2010/2011 fekk om lag 86,6 % av elevane på Vg1 inntak på første ønsket sitt. Dette er ein reduksjon på 0,8 % i høve året før. (Kjelde: Søkjar- og opplæringsstatistikk 2010-2011.)

hybelbuarar på fylkesdekkande tilbod. 86,6 % av elevane på Vg1 fekk inntak på sitt første ønske. Dette kan tyde på at del ufrivillige hybelbuarar ikkje er spesielt stor. Skulane følgjer opp desse elevane spesielt.

Vurdering:

Tabellen over viser at det er flest



Kritisk suksessfaktor: Læringsutbytte (T3)

Måleindikator: Karakternivå (T3-1)

Ambisjonsnivå: >landsgjennomsnittet

Resultat:

Vedlegg 2 viser resultatet i Sogn og Fjordane samanlikna med resten av landet i nokre fellesfag og programfag med sentral sensur. Her ser vi at Sogn og Fjordane ligg over landsgjennomsnittet i dei fleste programfaga. Dei fleste av desse eksamenane er i studiespesialiserande utdanningsprogram. Tala i denne statistikken er svært bra for Sogn og Fjordane.

Når det gjeld ein del fellesfag og fag med lokal eksamen og sensur, er biletet meir nyansert. I nokre av matematikk- og språkfaga ligg vi under landssnittet, medan resultatene for norskfaget er betre, særleg i sidemål, der vi til vanleg ligg på topp. I Sogn og Fjordane har vi ei anna organisering av oppgaveproduksjon og uttrekk enn i mange andre fylke, noko som kan vere årsak til ulikskapen. F.o.m. våren 2011 er uttrekksordninga i Vg1 studieførebuande og Vg1/Vg2 yrkesfag endra i Sogn og Fjordane. Dette kan få konsekvensar for resultatet i 2011.

Vedlegg 3 viser Sogn og Fjordane samanlikna med landsgjennomsnittet. Her er òg nokre tal frå yrkesfaglege programområde.

Vurdering:

Målsetjinga om at elevar frå Sogn og Fjordane skal ha karakterar som ligg over landssnittet er også oppnådd for skuleåret 2009/10. Grunnskuleelevane i fylket skårar også høgt på nasjonale prøver og eksamen,

så utgangspunktet for elevar som tek til på vidaregåande skular her i fylket, er i gjennomsnittet godt. Ambisjonsnivået bør difor vere høgt, både når det gjeld karakternivå og talet på elevar som kjem ut med vitnemål (fullført og bestått) etter 3 år i vidaregåande skule eller med fagbrev.

Måleindikator: Standpunkt karakter og eksamensresultat (T3-2)

Ambisjonsnivå: Betre samsvar mellom resultatene

Resultat:

Dei siste åra er det blitt meir fokus på samanlikning av standpunkt og eksamenskarakterar. Basert på at eksamensuttrekket er ”representativt”, så kan vi samanlikne avviket mellom standpunkt- og eksamenskarakter. Vi har tal for dei 7 siste åra (vedlegg 4*) og vi finn at i 2010 vart avviket det minste i heile perioden (0,22 karaktergrader). Vi har ikkje samla tal for heile landet på avvik, men dersom vi ser på store enkeltfag som norsk og matematikk, så finn vi at avviket mellom standpunkt og eksamen er mindre for Sogn og Fjordane enn for landet samla.

Vurdering:

Konklusjonen er at vi i 2010 gradvis nærmar oss målet om at det skal vere samsvar mellom standpunkt- og eksamenskarakter i Sogn og Fjordane. Utviklinga har gått i retning av meir samsvar enn dei føregåande åra. Dersom vi går inn på einskildskular, så er det store forskjellar, men dette er noko som skulane er informert om og arbeider med.

*2009 og 2010 er i fra Kunnskapsløftet (KL) 06. 2008 inneheld nokre resultat frå KL 06, resten er frå R94



Kritisk suksessfaktor: Yrkes- og studierettleiing (T4)

Måleindikator: Fråfall grunna feilval (T4-1)

Ambisjonsnivå: Redusere del elevar som oppgir feilval som årsak til avbrot

Resultat:

Av 118 rapporterte sluttarar skuleåret 2009/2010 kryssa 20 elevar av for at avbrotet skuldast feilval (16,9 % av sluttarane). Skuleåret 2008/09 var det 19 elevar (15,5 % av sluttarane) som slutta grunna feilval.

Vurdering:

Ambisjonsnivået er å redusere del elevar som sluttar grunna feilval. Det har ein ikkje klart, men omfanget er svært lite. Av inntekne 4166 inntekne elevar skuleåret 2009/10 har om lag 0,5 % slutta fordi dei har vald feil.

Måleindikator: Opplevd kvalitet på rettleiinga (T4-2)

Ambisjonsnivå: “Grøn skåre”

Resultat:

Resultata er henta frå Elevundersøkinga 2010, området Karriereveiledning. Det er i undersøkinga brukt ein skala frå 1-5, med 5

som høgaste. I Elevundersøkinga er dette området delt i to spørsmål. Berre det eine måler kvaliteten på rettleiing gitt i vidaregåande opplæring: “I hvilken grad er du fornøyd med informasjonen du får på skolen om ulike utdannings- og yrkesvalg.”

Resultatet for Sogn og Fjordane har for dette spørsmålet gått litt ned frå 2008/2009 til 2009/2010, frå 3,6 til 3,5.

Vurdering:

Ambisjonsnivået er sett til grøn skåre, dvs > 3,3. Resultatet på 3,5 er framleis over vedteke ambisjonsnivå, trass i ein liten nedgang i høve førre skuleår.



Måleindikator: Gjennomføring (T4-3)

Ambisjonsnivå: Innan 2012 skal 80 % fullføre opplæringa på normert tid

Resultat:

Tabellen under viser gjennomstrøyming for elevar/lærlingar som starta på grunnkurs hausten 2003 og hausten 2004 (kjelde: SSB). Fullført opplæring inneber at eleven/lærlingen har bestått alle årssteg i vidaregåande opplæring som fører til vitnemål eller fag-/sveinebrev





Fullført på normert tid:

Av elevar/ lærlingar i Sogn og Fjordane som starta på grunnkurs i 2004 gjennomførte 59 % på normert tid. Normert tid tilsvarar treårig opplæring for elevar og fireårig opplæring for lærlingar. Tabellen viser at elevar/lærlingar i Sogn og Fjordane har høgare gjennomføringsprosent enn landet. Det er lita endring (1 % nedgang) i gjennomføringsprosenten i Sogn og Fjordane i høve året før. Det er fleire

kvinner enn menn som fullfører på normert tid.

Fullført på meir enn normert tid:

Av elevar/lærlingar i Sogn og Fjordane som starta på grunnkurs i 2004 var det 15 % som fullførte opplæringa på meir enn normert tid. For Sogn og Fjordane utgjer dette ein auke på 2 % i høve året før. Det er fleire menn enn kvinner som fullfører vidaregåande opplæring på meir enn



normert tid. For landet er gjennomføringa 13 %.

Framleis i vidaregåande opplæring etter 5 år:
Etter 5 år er 6 % av elevane/lærlingane i Sogn og Fjordane, som starta på grunnkurs i 2004, framleis i vidaregåande opplæring. Dette er som året før. I Sogn og Fjordane er det fleire menn enn kvinner som er i vidaregåande opplæring etter 5 år. Landssnittet er 5 %.

Gjennomført VG3 / gått opp til fagprøve, ikkje bestått:
Når det gjeld fullført VG3/ gått opp til fagprøve og ikkje bestått, har Sogn og Fjordane prosentdel på 5 %. Dette er 3 % lågare enn landet. Dette gjeld elevar/lærlingar som starta grunnkurset i 2004. Nivået har ikkje endra seg i høve dei som starta i 2003. Av dei som starta i

opplæring i 2004 var det fleire menn enn kvinner som ikkje fekk vitnemål eller fag /sveineprøve etter 5 år i vidaregåande opplæring.

Slutta undervegs:
Av elevar/lærlingar som starta på grunnkurs i 2004 og slutta undervegs ser vi ein reduksjon på 1% i høve året før. Landet samla har ein høgare prosentdel sluttarar enn Sogn og Fjordane. Det er fleire menn enn kvinner som sluttar undervegs i opplæringa.

Vurdering:

Av dei som starta grunnkurs i Sogn og Fjordane i 2004 gjennomførde om lag 60 % på normert tid – om lag same nivå som året før. Det kan synast som om ambisjonsnivået om gjennomføring på 80 % i 2012, er vanskeleg å nå. Ambisjonsnivået må difor revurderast.

Kritisk suksessfaktor: Elev- og lærlingmedverknad (T5)

Måleindikator: Elev- og lærlingrepresentasjon i råd og utval (T5-1)

Ambisjonsnivå: “Grøn skåre”

Resultat:

Alle skulane har elevrepresentasjon i lovpålagde råd og utval. I tillegg vert elevane nytta i ulike arbeids- og prosjektgrupper, knytte til satsingsområde på skulen. Det har vore plan for møta mellom skuleleiing og elevråd på alle skulane utan ein.

Vurdering:

Også for 2010 er dette området i samsvar med ambisjonsnivået i målekartet, “grøn skåre”.

Måleindikator: Elev- og lærlingmedverknad i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa (T5-2)

Ambisjonsnivå: “Grøn skåre”

Resultat:

For denne måleindikatoren er resultat henta frå Elevundersøkinga 2010. Det er i undersøkinga brukt ein skal frå 1-5, med 5 som høgaste. I elevundersøkinga er dette området delt på ein litt annan måte. På spørsmålet “Veit du kva du skal lære i dei ulike faga?” er svara for Sogn og Fjordane slik dei siste to åra:

2009	3,69
2010	3,94



Punktet “Medbestemmelse” har 6 underspørsmål, som fokuserer på elevane sine mogelegheiter til å påverke i høve arbeidsplanar, arbeidsmåtar, oppgåvetypar osv.

Snittresultatet nasjonalt har vore 2,5 dei siste fire åra. For Sogn og Fjordane er snittresultatet tilsvarande stabilt, men litt høgare, dvs. 2,6. Lågaste skåre, 2,1, finn vi på spørsmålet om deltaking i utarbeiding av arbeidsplanar, medan påverknad på val av arbeidsmåtar er oppe i 2,9.

Vurdering:

Resultata for det første spørsmålet viser ei svak positiv utvikling frå 2009 til 2010. Sjølv om det ikkje heilt dekkjer alle områda

(planlegging, gjennomføring og vurdering) i vedteke målekart, gir dette delsvaret likevel ein indikator på at læreplanfokuset på skulane i fylket har betra seg noko. Resultata på “Medbestemmelse” i Elevundersøkinga er ikkje gode nok, ut frå ambisjonsnivået lik eller betre enn 3,3.

Fokus på elevane sin rett til å påverke planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisninga har vore svært tydeleg dei siste åra, ikkje minst gjennom oppfølginga av “Rom for alle, syn for den enkelte”. Når resultata likevel må seiast å vere under forventa, tyder mykje på at skulane må ha auka fokus på elev – og lærlingmedverknad framover.

2.2 Regional utviklingsaktør (R)

Kritisk suksessfaktor: Opplæringstilbodet er sett i samanheng med offentleg og privat verksemd sine behov (R1)

Måleindikator: Samsvar mellom tilgangen til læreplassar og tal lærlingar (R1-1)

Ambisjonsnivå: Større samsvar enn året før

Resultat:

Lærefag med for få læreplassar i høve tal søkjarar i 2010:

Lærefag	Tal lærepl.	Tal søkjarar
Ambulansefaget	5	10
Bilfaget lette Køyretøy	12	25
Matrosfaget	7	23
Motormannfaget	7	14

Lærefag med for få søkjarar til læreplassar i høve behovet i næringslivet i 2010:

Lærefag	Tal lærepl.	Tal søkjarar
Akvakultur	16	0
Helsearbeidarfaget	36	22
Institusjonskøkk	15	4
Industriøyrleggjar	9	1
Kjemiprosessfaget	26	4
Platefaget	12	1
Sveisefaget	9	2

Vurdering:

Når det gjeld tal søkjarar til dei ulike læreplassane er det lite endring frå 2009. Det var 464 søkjarar, 11 færre enn året før.

I 2010 var det 765 læreplassar i godkjende lærebedrifter. Det er 60 færre enn året før. Tal læreplassar er ikkje heilt reelt. Grunnen er mange små lærebedrifter som ikkje tek inn lærlingar kvart år. Dette gjeld spesielt lærebedrifter som ikkje er medlem av opplæringskontor.



Utfordringa i 2010 var som tidlegare år, søkjarar som står att utan læreplass i november.

Fylkeskommunen har dei seinare år fått tildelt ekstra tilskot til lærebedriftene. Det vart i 2009 tildelt som eit "flatt" tilskot, der lærebedriftene fekk lik sum for lærlingar i læretida. I 2010 sette fylkeskommunen i verk tiltak med ekstra tilskot til dei lærebedriftene som tok inn lærlingar. Dette skulle påverka bedriftene til å ta inn alle som søkte læreplass og til tidlegare formidling. Dette resulterte i tidlegare formidling for mange av søkjarane til læreplass, men samla sett var

det om lag like mange søkjarar som stod att utan tilbod om læreplass som tidlegare år.

Det vart og avsett midlar til eit prosjekt der fylkeskommunen, i samarbeid med opplæringskontor og bransjar, skulle jobbe for å auke tal læreplassar. Prosjektet har hatt positiv effekt, og skal vidareførast i 2011.

I 2010 vart det gjort avtale med tre nye lærebedrifter om å ta inn lærlingar i kostymesyar-, bunadtilverkar- og taksidermistfaget. Dette er lærefag som tidlegare ikkje har hatt læreplassar her i fylket.

Kritisk suksessfaktor: Systematisk og forpliktande samarbeid mellom vidaregåande skule og arbeidsliv (R2)

Måleindikator: Partnerskapsavtalar (R2-1)

Ambisjonsnivå: Nytteverdi > 4,5 (skala 1-6)

Resultat:

Skulane rapporterer om til saman 482 partnerskapsavtalar i 2010, mot 432 i 2009, altså ein liten auke. Berre ein skule melder at den ikkje har nokon partnerskapsavtalar. Gjennomsnittsvurderinga på opplevd nytte av partnerskapsavtalane er 4,5, som er ein liten nedgang frå 2009, då målinga viste ein snitt på 4,9.

Vurdering:

Sjølv om resultatet viser ein svak

nedgang frå 2009, må det seiast å vere tilfredsstillande. Auken i tal partnerskapsavtalar er bra, sjølv om ein skal vere forsiktig med å tolke tal partnerskapsavtalar aleine som ein indikator på godt samarbeid med lokalt næringsliv. Det reelle omfanget av samarbeid med næringslivet er nok mykje større enn det som går fram av denne rapporteringa. Det er skulane si oppfatning at det i hovudsak er lett å finne samarbeidspartar i lokalt næringsliv. Fylkesdirektøren vil følgje spesielt den skulen som ikkje har partnerskapsavtalar.



Kritisk suksessfaktor: Skulane er lokale/regionale ressursentra og pådrivarar i samhandlinga i lokalsamfunn og næringsliv (R3)

Måleindikator: Lokalt næringsliv nyttar skulane aktivt i si kompetanseheving (R3-1)

Ambisjonsnivå: Halvparten av skulane skal gjennomføre minst 10 kurs

Resultat:

Rapportane frå skulane viser at berre 4 av 14 skular har gjennomført minst 10 kurs for lokalt næringsliv i 2010, til saman 159 kurs.

Vurdering:

Ambisjonsnivået for 2010 var også sett til at halvparten av skulane skal ha gjennomført minst 10 kurs for lokalt næringsliv. Resultatet på dette området må difor seiast å ikkje vere godt nok. Fylkesdirektøren vil framleis følgje dei skulane som over tid kan vise til lite engasjement i den lokale kompetansemarknaden.

Måleindikator: Tilbod om fjernundervisning til lokalt næringsliv(R3-2)

Ambisjonsnivå: Tal kurs gjevne som fjernundervisning utgjer 20 % av totalen

Resultat:

Berre 4 av dei 159 kursa som vart gjennomførte for lokalt næringsliv vart gjevne som fjernundervisning. Dette svarar til 2,5 %.

Vurdering:

Målinga for 2009 viste at 3 % av kursa vart tilbodne som fjernundervisning, altså ein liten nedgang i høve 2010. Ambisjonsnivået er på heile 20 %. Etter fylkesdirektøren si vurdering har skulane framleis ei stor utfordring i høve det å ta i bruk teknisk utstyr, også når det gjeld tilbod retta mot målgrupper utanfor skulen. Fylkesdirektøren vil greie ut årsakene til dette særskilt i løpet av året, for eventuelt å justere ambisjonsnivået.

Kritisk suksessfaktor: Vidaregåande skular har høg utviklings- og omstillingskompetanse (R4)

Måleindikator: Skulen som medspelar i regionalt utviklingsarbeid (R4-1)

Ambisjonsnivå: Eigenvurdering ≥ 5 (skala 1-6)

Resultat:

Skulane har rapportert på eiga vurdering av skulen som medspelar i regionalt utviklingsarbeid, på ein skala frå 1-6. Gjennomsnittresultatet er på 4,5, mot 4,8 i 2009.

Vurdering:

Fylkesdirektøren kan konkludere med at heller ikkje for 2010 er målet nådd. Den positive utviklinga ein såg frå 2008 til 2009 (frå 4,4 til 4,8) har altså snudd i negativ retning. Fylkesdirektøren vil følgje opp kva som kan vere årsakene til at skulane no vurderer eiga rolle som regional utviklingsaktør lågare enn året før



Temaområde for tilstandsrapporten 2010 som ikkje vert dekkja av målekartet

Område: Spesialundervisning

Resultat:

Rapporteringa frå skulane viser at det skuleåret 2009/2010 var 341 elevar med enkeltvedtak for spesialundervisning. I løpet av skuleåret var det 22 elevar som slutta/avbraut opplæringa.

Vurdering:

6,5 % av elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning har slutta/avbrote opplæringa i løpet av skuleåret. Dette er ein nedgang frå tidlegare år, der prosentandelen har vore omlag 10 %. Dei siste åra har det vore fokus på arbeidet med å redusere fråfallet i vidaregåande opplæring, spesielt i høve elevar med spesialundervisning. Det er fleire elevar med enkeltvedtak som sluttar/avbryt opplæringa enn utan. Det er forventa ein differanse mellom desse to gruppene ut frå dei samansette vanskeområda som elevar med enkeltvedtak har. Det er likevel eit mål å redusere tal sluttarar/avbrot i denne gruppa, mellom anna gjennom eit betre samarbeid mellom

ulike instansar som PPT, rådgjevarar i skule, avgjevarskule og mottakaraskule, barnevern, helsetenesta og ikkje minst føresette og eleven sjølv.

Område: Vaksne

Resultat:

Rapporteringa frå dei vidaregåande skulane viser at 377 vaksne har søkt vidaregåande opplæring spesielt tilrettelagt for vaksne. Av desse hadde 146 vaksenrett. 459 har fått tilbod om opplæring etter opplæringslova kap. 4A. Fleire av desse har starta opplæring i 2011. 209 har avslutta og bestått opplæring i 2010, medan 86 har avbrote opplæringa.

Vurdering:

Talet på vaksne søkarar til vidaregåande opplæring har ikkje hatt den forventa auken som følgje av finanskrisa. Dei aller fleste søkjarane har fått tilbod om opplæring, men ikkje alle tok imot tilbodet. Av dei som har fullført og bestått opplæringa er gjennomsnittskaraktaren rundt 4. Det er etter måten eit stort tal avbrot i opplæringa, utan at årsakene er kjent.

2.3 Rammevilkår/økonomi (Ø)

2.3.1 Rapportering frå dei vidaregåande skulane

Kritisk suksessfaktor: Samsvar mellom mål og rammer (Ø1)

Måleindikator: Avvik i høve budsjett (Ø1-1)

Ambisjonsnivå: Budsjettbalanse, akseptabelt avvik +/- <2 %

Resultat:

I 2010 hadde 6 vidaregåande skular eit meirforbruk i høve budsjettet, medan 7

skular hadde eit mindreforbruk.

Storleiken på meirforbruket varierer frå om lag 0,800 mill. kr til om lag 0,040 mill. kr, medan mindreforbruket varierer frå om lag 2,040 mill. kr til om lag 0,020 mill. kr. Samla hadde skulane i 2010 eit netto mindreforbruk på den ordinære drifta på 2,980 mill. kr. 4 skular har eit avvik større enn +/- 2 %, medan 9 skular har eit avvik



mindre enn +/- 2 %. Sektoren samla har eit avvik (innsparing) på 0,9 %.

Vurdering:

Ambisjonsnivået om budsjettbalanse innan eit akseptabelt avvik på +/- 2 % er nådd for dei fleste skulane. Fylkesdirektøren vil også i 2011 ha særskilt fokus på oppfølging av skular med avvik ut over vedteke ambisjonsnivå. For sektoren samla er ambisjonsnivået nådd med god margin.

Fylkeskommunen har resultatoverføring, der evt. meirforbruk/mindreforbuk ved dei vidaregåande skulane vert overført til året etter. Dette utvidar handlingsrommet for skulane, både i høve til oppsparing med tanke på større tiltak seinare, eller gjennomføring av notiltak mot framtidige innsparingar. 6 skular melder at dei bevisst har styrt mot meir-/mindreforbruk. Dette er same tal skular som i 2009.

Kritisk suksessfaktor: Økonomistyring (Ø2)

Måleindikator: Avvik mellom årsprognosar og årsrekneskap (Ø2-1)

Ambisjonsnivå: Godt samsvar

Resultat:

Tilbakemeldingane frå skulane viser at 13 av 14 har faste rutinar for utarbeiding av prognoser/vurdering av forventa årsrekneskap. 12 skular utarbeider fleire enn 2 prognosar i løpet av året, medan 2 skular utarbeider 2 eller færre prognosar. 8 skular meiner det er godt samsvar mellom utarbeidde prognosar og faktisk årsrekneskap, medan 5 skular meiner det er mindre godt samsvar. 1 skule seier ikkje noko om samsvar mellom prognose og resultat, men viser til at dei ønskjer å utvikle

betre kompetanse på dette området.

Vurdering:

Fylkesdirektøren for opplæring har ikkje gjennomført system for tertialrapportering for dei vidaregåande skulane. Dette skuldast den særskilde driftssituasjonen for skulane, med inndeling i skuleår, ujamn fordeling av driftskostnader gjennom budsjettåret og ordninga med resultatoverføring. Som følgje av ordninga med resultatoverføring ser det likevel ut til at dei fleste skulane legg aukande vekt på utarbeiding av prognosar og oppfølging av budsjettet gjennom driftsåret. Ambisjonsnivået om godt samsvar mellom årsprognosar og årsresultat er oppnådd for i underkant av 60 % av skulane.

Kritisk suksessfaktor: Ressursbruk i tenesteproduksjonen (Ø3)


Diagrammet under viser ressursbruk i tenesteproduksjonen i 2009 og utvikling i ressursbruk frå 2008 til 2009, for Sogn og Fjordane samanlikna med landsgjennomsnittet. For best mogleg å kunne samanlikne tala mellom fylka har vi lagt til grunn tal korrigert for gjesteelevoppgeret ("økonomisk belastning") for 2008 og 2009.

Tala er difor ikkje samanliknbare med tala som vart nytta i årsmeldinga for 2009. Dei offisielle KOSTRA-tala for 2010 er enno ikkje ferdigstilte. Det er framleis eit stort forbettringspotensiale når det gjeld å sikre god kvalitet på KOSTRA-tala. Arbeidet med kvalitetssikring vil vere eit prioritert område frå fylkesdirektøren si side i tida framover.


(Kjelde: KOSTRA)



Ressursbruk i tenesteproduksjonen 2009



Utvikling i ressursbruk i tenesteproduksjonen frå 2008 til 2009



Samla vurdering – ressursbruk og resultat i tenesteproduksjonen

KOSTRA-tala for 2009 viser at samla kostnad pr. elev i Sogn og Fjordane låg 16,4 % over landssnittet. 82,1 % av elevane på Vg1 studieførebuande utdanningsprogram i Sogn og Fjordane gjekk vidare til Vg2 - ein reduksjon på 3,8 %

i høve 2008. Snitt for landet var 87 %. For yrkesfag er tala for Sogn og Fjordane 80,2 % - ein auke på 4 % i høve 2008. Gjennomsnitt for landet var 76,2 %. Skuleåret 2008/2009 slutta 3,2 % av elevane i Sogn og Fjordane – ein reduksjon på 0,3 % i høve 2008. Gjennomsnitt for landet var 4,4 %.



Resultata over kan tyde på at meirbruken av midlar pr. elev i Sogn og Fjordane samanlikna med resten av landet, har gjeve konkrete resultat når det gjeld gjennomføring av vidaregåande opplæring. Under følgjer ein gjennomgang av resultat og vurdering knytt til dei einskilde måleindikatorane i vedteke målekart.

Måleindikator: Samla kostnad pr. elev (Ø3-1)

Ambisjonsnivå: Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet

Resultat:

I 2009 var samla kostnad pr. elev 0,147 mill. kr - ein auke på 9,2 % frå 2008. Landssnittet var 0,123 mill. kr - ein auke på 6,9 % i høve året før.

Vurdering:

Sogn og Fjordane ligg godt over landssnittet når det gjeld kostnad pr. elev. Auken i kostnad frå 2008 til 2009 er større for Sogn og Fjordane enn for landssnittet. Målsettinga om at kostnadsnivået for indikatoren ikkje skal auke meir enn snittet for landet er såleis ikkje nådd.

Måleindikator: Kostnad pr. elev på tenesteområdet lokale, forvaltning (adm. m.m.) og skyss (Ø3-2)

Ambisjonsnivå: Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet

Resultat:

I 2009 var kostnad pr. elev på tenesteområdet 0,044 mill. kr – ein auke på 8,1 % frå året før. Snitt for landet var på 0,033 – ein auke på 7 % i høve året før.

Vurdering:

Sogn og Fjordane ligg godt over landssnittet når det gjeld kostnad pr. elev. Målsettinga om at kostnadsnivået for indikatoren ikkje skal auke meir enn snittet for landet er ikkje nådd.

Måleindikator: Kostnad pr. elev på tenesteområdet pedagogisk leiing, fellesutgifter, vidaregåande skular og gjesteelevar (Ø3-3)

Ambisjonsnivå: Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet

Resultat:

I 2009 var kostnad pr. elev på tenesteområdet 0,020 mill. kr – ein auke på 15,5 % frå året før. Snitt for landet var på 0,014 mill. kr – ein auke på 5,8 % i høve året før.

Vurdering:

Sogn og Fjordane ligg godt over landssnittet når det gjeld kostnad pr. elev. Auken frå 2008 til 2009 skuldast i hovudsak auka lønskostnader, som følgje av lønsoppgjør og styrking av skulane sine budsjett i samband med innføring av ordninga med berbar PC for elvar. Målsettinga om at kostnadsnivået for indikatoren ikkje skal auke meir enn snittet for landet er ikkje nådd.

Måleindikator: Kostnad pr. elev til spesialundervisning og tilpassa opplæring (Ø3-4)

Ambisjonsnivå: Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet

Resultat:

I 2009 var kostnad pr. elev på tenesteområdet 0,018 mill. kr – ein auke på 2,3 % frå året før. Snitt for landet var på 0,014 mill. kr – ein auke på 10,9 % i høve året før.



Vurdering:

Sogn og Fjordane ligg framleis godt over landssnittet når det gjeld kostnad pr. elev. Målsettinga om at kostnadsnivået for indikatoren ikkje skal auke meir enn snittet for landet er likevel nådd for 2009.

Måleindikator: Kostnad pr. elev til basis opplæringsverksemd Studieførebuande utdanningsprogram (Ø3-5)

Ambisjonsnivå: Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet

Resultat:

I 2009 var kostnad pr. elev på tenesteområdet 0,054 mill. kr – ein auke på 8,7 % frå året før. Snitt for landet var på 0,055 mill. kr – ein auke på 7,8 % i høve året før.

Vurdering:

Sogn og Fjordane ligg under landssnittet når det gjeld kostnad pr. elev. Målsettinga om at kostnadsnivået for indikatoren ikkje skal auke meir enn snittet for landet er likevel ikkje nådd for 2009.

Måleindikator: Kostnad pr. elev til basis opplæringsverksemd Yrkesfaglege utdanningsprogram (Ø3-6)

Ambisjonsnivå: Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet

Resultat:

I 2009 var kostnad pr. elev på tenesteområdet 0,079 mill. kr – ein auke på 12 % frå året før. Snitt for landet var på 0,077 mill. kr – ein auke på 5,5 % i høve året før.

Vurdering:

Sogn og Fjordane ligg over landssnittet når det gjeld kostnad pr. elev. Auken i kostnad frå 2008 til 2009 skuldast i hovudsak auka lønsutgifter og auka utgifter til kjøp av varer og tenester. Målsettinga om at kostnadsnivået for indikatoren ikkje skal auke meir enn snittet for landet er ikkje nådd for 2009.

2.3.2 Nærare om måleindikator Ø1- 1 Avvik i høve budsjett – årsresultat for tenesteområda innan opplæringssektoren

Driftsresultat for opplæringssektoren

Tabellen under viser sektoren sitt resultat i 2010 på dei ulike programområda. Totalt hadde sektoren eit mindreforbruk på 6,074 mill. kr i 2010. Rekneskapstala i tabellen under inneheld også resultat frå *anna verksemd* (oppdragsundervisning, kantiner/internat og idrettshallar) ved dei vidaregåande skulane. Akkumulert mindreforbruk på *anna verksemd* utgjer i 2010 samla 12,370 mill. kr. Av dette utgjer resultatet for 2010 isolert, eit meirforbruk på 1,348 mill. kr.

-mindreforbruk + meirforbruk i mill. kr

Programområde 21 -29	Budsjett	Rekneskap	Resultat
21 Drift av dei vidaregåande skulane	489,375	483,948	-5,427
22 Fellesutgifter for skulane	17,618	15,306	-2,312
23 Drift/ vedlikehald av skulebygg	34,866	35,441	0,575
25 Tilpassa opplæring	86,486	85,532	-0,954
28 Fagopplæring	62,560	61,995	-0,565
29 Andre område på opplæring	26,633	29,242	2,603
Sum	717,538	711,464	-6,074


Under følgjer gjennomgang av årsresultatet for dei ulike tenesteområda i sektoren, med

fokus på område med avvik i høve vedteke budsjett.





Vidaregåande skular driftsresultat

- mindreforbruk + meirforbruk



- mindreforbruk + meirforbruk





*Anna verksemd inneheld områda: oppdragsundervisning, internat og idrettshallar

Resultat:

6 vidaregåande skular hadde i 2010 eit meirforbruk i høve vedteke årsbudsjett, medan 7 skular hadde eit mindreforbruk. Samla hadde skulane eit mindreforbruk på 2,980 mill. kr på den ordinære drifta i 2010.

Akkumulert hadde skulane eit mindreforbruk på 3,457 mill. kr knytt til ordinær skuledrift.

På anna verksemd hadde skulane eit meirforbruk i 2010 på 1,346 mill. kr. Akkumulert hadde skulane samla eit mindreforbruk på 12,370 mill. kr knytt til anna verksemd.

Vurdering:

Skulane sine driftsresultat på ordinær drift i 2010 varierer frå mindreforbruk i høve vedteke budsjett på om lag 2,240 mill. kr til meirforbruk på om lag 0,800 mill. kr. 4 skular går ut over akseptabelt avviksnivå i målekartet på +/- 2 %. Ordninga med resultatoverføring gir skulane større handlingsrom og høve til å styre mot planlagde over-/underskot det einskilde år. Oppfølging av driftsresultata ved dei

vidaregåande skulane er eit tema m.a. i samband med fylkesdirektøren sine skulebesøk.

Teneste 2201 Fellesutgifter for opplæring

Resultat:

Tenesta hadde eit mindreforbruk i 2010 på 0,991 mill. kr

Vurdering:

0,556 mill. kr av innsparinga er knytt til omstillingstiltak for pedagogisk personale. Dette skuldast i hovudsak at overtalssituasjonen for lærarar har vore mindre kostnadskrevjande enn føresett. Det er i tillegg ei innsparing på om lag 0,550 mill kr på organisasjons- og personalutvikling. Dette skuldast m.a. at 0,300 av midlane til tiltak i “plan for rekruttering og stabilisering av pedagogisk personale- inkludert skuleleiarar” ikkje vart nytta som føresett. Midlane til “digitale innovatørar” vart heller ikkje nytta fullt ut i 2010.



Teneste 2202 Eksamensutgifter

Resultat:

Budsjettet for 2010 var på 2,670 mill. kr. Tenesta hadde ei innsparing på 0,292 mill. kr i høve budsjettet. Forbruket på 89 % viser ein auke på 5,5 % i høve 2009. Innsparinga på tenesta er i hovudsak knytt til eleveksamen. Resultatet for 2010 viser at budsjettet til eleveksamen ligg noko høgt, trass i nedjustert nivå i høve 2009.

Vurdering:

Tal elevar og type eleveksamen, skriftleg, munnleg, munnleg praktisk, varierer frå år til år, særleg i Vg2 på studieførebuande programområde. Alle elevane skal ha ein eksamen og skulane trekkjer elevane. Utgiftene til eksamen med sentral skriftleg sensur er små medan utgiftene til munnleg, munnleg praktisk og praktisk eksamen er store. Dette viser igjen i forbruket då fylkeskommunen dekkjer alle utgifter til sensur for lokalt gitt eksamen, skriftleg og munnleg, munnleg praktisk og praktisk. Det har òg vore ein auke i tal grupper med praktisk eksamen, som er ei dyr eksamensform.

I 2010 hadde vi ein auke på omlag 25 % i eksamenar i fag for privatistar. Etter innføring av Kunnskapsløftet er det mogeleg for elevar å forbetre karakterane og likevel få førstegongs vitnemål. Dette forklarar mykje av auken i tal privatisteksamenar. Vi ventar framleis auke i utgiftene til munnleg og munnleg/ praktisk eksamen, sidan dei fleste faga i Vg2 studieførebuande programområde har denne eksamensforma.

Teneste 2211 Gjestelevar

Resultat:

I 2010 var det opprinneleg budsjettert med 8,400 mill. kr til kjøp av elevplassar i andre fylke. Sal av plassar til elevar frå andre fylke var budsjettert med 0,450 mill. kr. Budsjettet

til kjøp av elevplassar vart nedjustert med 2,000 mill. kr i løpet av året. Revidert budsjett for 2010 er på netto 5,950 mill. kr. Tenesta hadde totalt sett eit mindreforbruk i 2010 på 1,029 mill. kr (18 %). I 2009 var mindreforbruket på 2,335 mill. kr (29 %).

Vurdering:

Kostnaden til gjestelevar er knytt til kjøp av elevplassar i andre fylke, inkludert Hordalandsavtalen.

Inntektene i 2010 er noko høgare enn budsjettert (auke med 0,100 mill. kr. i høve 2009). Når det gjeld kjøp av elevplassar er kostnaden om lag 1,000 mill. kr mindre enn budsjettert (reduksjon på om lag 0,340 mill. kr i høve 2009).

I 2010 vart det kjøpt elevplassar i Hordaland (inkl. Hordalandsavtalen) for 4,797 mill.kr. (5,300 mill. kr i 2009). Kjøp av plassar frå andre fylke - utanom Hordaland – var på 0,477 mill. kr i 2010 (0,460 mill. kr i 2009). Nivået på desse kjøpa er om lag som tidlegare år.

Det har dei siste åra vore ein reduksjon av tal elevar som nyttar seg av Hordalandsavtalen. Skuleåret 2008/2009 nytta 51 elevar avtalen, medan tilsvarande tal for skuleåret 2010/11 er 39.

Programområde 23 Drift og vedlikehald av skulebygg

Resultat:

Programområdet hadde i 2010 eit budsjett på 34,866 mill. kr. Resultatet viste eit meirforbruk på 0,575 mill. kr.


Vurdering

Programområdet omfattar teneste 2101 vedlikehald av skulebygg og teneste 2302 vaktmeisterteneste. Resultatet er fordelt med mindreforbruk på 0,054 mill. kr på



vedlikehald av skulebygg og meirforbruk på
Teneste 2501 Tilpassa opplæring

0,630 mill. kr knytt til vaktmesterteneste



Resultat:

Tenesta kom i 2010 ut med eit samla mindreforbruk på om lag 0,220 mill. kr. Dei vidaregåande skulane har eit meirforbruk på om lag 0,800 mill. kr i høve budsjettet, medan det er eit mindreforbruk på om lag 1,020 mill. kr knytt til kjøp av tenester i andre fylke, private skular, folkehøgskular, grunnskular, tilpassa opplæring i bedrift mm.

Vurdering:

Løyvinga til tilpassa opplæring, inkludert spesialundervisning, må vurderast som ei anslagsløyving. For skuleåret 2010/2011 var det ein liten nedgang i tal søkjarar med rett til spesialundervisning. Det har vore ein auke på om lag 1,700 mill. kr til styrking av opplæringa for lærekandidatar. Dette har samanheng med auke i tal kontraktar for lærekandidatar.

Løyvinga som skulane får til tilpassa opplæring inngår i ordninga med resultatoverføring.

Teneste 2502 Pedagogisk- psykologisk teneste

Resultat:

Budsjettet for 2010 var på 10,259 mill. kr. Rekneskapen viser eit mindreforbruk i høve budsjettet på 0,340 mill. kr.

PPT-kontora i Sogndal og Eid/Vågsøy hadde i 2010 eit samla budsjett på 3,884 mill. kr. Rekneskapen viser at PPT-kontora hadde eit mindreforbruk på 0,390 mill. kr.

Kjøp av tenester frå PPT i kommunane viser eit meirforbruk på 0,050 mill. kr.

Vurdering:

Kostnadene er knytte til drift av fylkeskommunale og kommunale PPT – kontor. Kostnadsfordelinga mellom partane er regulert av samarbeidsavtalar.



Mindreforbruket på tenesta skuldast mellom anna at PPT-Sogndal har hatt vakanse i ein lengre periode.

Teneste 2503 Oppfølgingstenesta

Resultat:

Budsjettet for 2010 var på 6,060 mill. kr. Oppfølgingstenesta har ei samla innsparing i høve budsjettet på 0,398 mill. kr. Tre skular har eit samla meirforbruk på tenesta på 0,020 mill. kr. Sju skular har innsparing på tenesta med til saman 0,256 mill. kr. Av midlar sett av sentralt var det eit mindreforbruk på 0,162 mill. kr. Forbruket i 2010 var på 97 % (i 2009 var forbruket på 99%).

Vurdering:

Behov for tiltak for målgruppa er noko uføreseieleg. Tiltak må setjast inn når behovet oppstår. Løyvinga til skulane inngår i ordninga med resultatoverføring. Det vart i 2010 sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på fordeling av midlar til OT og tiltak for OT ungdom. Dette arbeidet må i 2011 og i åra framover sjåast i samanheng med Ny Giv.

Teneste 2802 Fagprøver

Resultat:

Budsjettet i 2010 var opprinneleg på 6,630 mill. kr, men vart i tertialrapport 2/10 auka med 0,500 mill. kr. Årsaka til auken var at det i 2008 vart inngått fleire lærekontaktar enn tidlegare år og dette medførte ein auke i avlagde fagprøver i 2010.

Instruktøropplæring bedrift hadde eit budsjett på 0,600 mill. kr. Ved årsavslutning viste rekneskapen eit overforbruk på om lag 0,122 mill. kr. Resultatet for tenesta samla, viser eit mindreforbruk i høve budsjettet på 0,254 mill. kr. (i 2009 hadde tenesta mindreforbruk på 0,083 mill. kr).

Vurdering:

I budsjettet for 2010 var det budsjettert med inntekter på 0,400 mill. kr. Rekneskapen viser faktiske inntekter på om lag 0,950. I høve 2009 er dette ein auke på om lag 0,550 mill. kr. I 2010 var fleire lærlingar frå andre fylke som avla fagprøve i Sogn og Fjordane og fleire oppmelde praksiskandidatar. Auka utgifter til løn og varer og tenester heng saman med ein auke i tal avlagde fagprøver i høve året før.

Kostnadene til instruktøropplæring (opplæring av faglege leiarar/instruktørar i bedrift) er noko høgare enn budsjettert. Budsjettet for 2010 var på 0,600 mill. kr. Rekneskapen syner eit forbruk på om lag 0,722 mill. kr. Meirforbruk skuldast etterslep i utbetalingar for kurs som vart gjennomført i 2009. I 2009 var det ein mindreforbruk på om lag 0,110 mill. kr. 262 deltakarar gjennomførte kurs i 2010, ein auke på 43 % frå 2009.

Teneste 2803 Tilskot til lærebedrifter

Resultat:

(i mill. kr)

År	Budsjett	Rekneskap	Resultat
2008	46,420	46,834	0,414
2009	54,820	52,499	-2,321
2010	55,430	55,119	-0,311

Tabellen over syner ein auke i tilskot til lærebedrifter i perioden 2008-2010. Auken har m.a. samanheng med statleg ekstratilskot for 2009 og 2010.

Vurdering:

Rekneskapstala for 2010 viser noko lågare inntekter enn budsjettert. Budsjetterte inntekter var på 2,700 mill. kr, medan rekneskapen viser om lag 2,450 mill. kr. Inntektene var og noko mindre enn i 2009, då det var færre lærlingar/ lærekontraktar frå andre fylke i Sogn og Fjordane.



Rekneskapen viser og at det er utbetalt mindre til andre fylke i 2010 enn i 2009. Dette har sammenheng med at tal lærlingar frå Sogn og Fjordane som får lærekontrakt i andre fylke er noko mindre i 2010 enn i 2009.

Svært mange kontraktar vert inngått seint på året. Dette, saman med konjunkturedringane gjer det vanskeleg å fange opp endringane i tilskotsbehova.

Det statleg tildelte ekstratilskotet i høve tilskot til lærebedrifter vart i 2010 m.a. nytta til ekstra tilskot til lærebedrifter som tok inn nye lærlingar. I tillegg vart det nytta midlar til prosjekt for å auke tal læreplassar. Prosjektet vert vidareført for 2011. Budsjett for 2010 var på 6,630 mill. kr. Rekneskapen på 6,170 mill. kr viser eit mindreforbruk på 0,460 mill. kr.

Teneste 2901 Driftsresultat landslinjer – Sogn jord og hagebruksskule og yrkessjåførutdanninga ved Sogndal vidaregåande skule.

Resultat:

I 2010 var samla meirforbruk for tenesta på 0,478 mill. kr i høve vedteke budsjett. Dette skuldast i hovudsak meirforbruk på Sogn jord- og hagebruksskule. Yrkessjåfør opplæringa i Sogndal gjekk om lag i balanse

Vurdering:

Meirforbruket på Sogn jord- og hagebruksskule er knytt til ordinær drift (0,329 mill. kr) og oppdragsundervisning (0,147 mill. kr). Meirforbruket skuldast bl.a. høge vedlikehaldskostnader, låge inntekter grunna dårlege avlingar og kostnadskrevjande prosjekt (kostandane vart høgare enn budsjettet). Skulen har for 2010 resultatoverføring på oppdragsundervisning/prosjekt, men ikkje på ordinær drift. Frå og med 2011 er dette endra, og landslinjene har

resultatoverføring på lik linje med dei andre vidaregåande skulane.

Teneste 2903 Fagskulen i Sogn og Fjordane

Resultat:

Budsjettet for 2010 var på 19,910 mill. kr. Rekneskapen for 2010 viser eit akkumulert meirforbruk i høve budsjettet på om lag 2,7 mill. kr. I tillegg kjem manglande overføring av avtala refusjon for 2010 frå Fagskulen i Sogn og Fjordane til Måløy vidaregåande skule på 0,8 mill. kr. Dette må belastast skulen i 2011. Meirforbruket i høve budsjettet i 2009 var på om lag 0,8 mill. kr.

Vurdering:

Fagskulen har opparbeidd seg eit betydeleg meirforbruk i 2010. Meirforbruket ser ut til å vere knytt til ulike deler av opplæringstilbodet ved skulen. Fagskulen kjem inn under ordninga med resultatoverføring der mindre-/meirforbruk vert overført til året etter. Det er ei utfordring for fagskulen å tilpasse tilbodet til dei økonomiske rammene. Denne utfordringa er forsterka etter rekneskapsresultatet i 2010.

Teneste 2912 Vaksenopplæring

Resultat:

Budsjettet for 2010, var på 5,071 mill. kr, etter justeringar i løpet av året. Tenesta viser ei samla innsparing i høve budsjettet på 0,974 mill. kr. Dette er i all hovudsak knytt til vaksenopplæring. Restteori for lærlingar gjekk om lag i balanse i 2010.

Vurdering:

Dei vidaregåande skulane kartlegg vaksne sitt opplæringsbehov gjennom registrering og realkompetansevurdering. Opplæringa skjer i hovudsak ved dei vidaregåande skulane. Frå hausten 2009 har vaksne søkt til vidaregåande opplæring via VigoWeb.



Som følge av finanskrisa hadde ein venta at fleire vaksne ønskte å skaffe seg formell kompetanse på vidaregåande opplæring sitt nivå. Verken i 2009 eller 2010 har ein sett nokon merkbar auke i søkartala frå vaksne som ønskjer opplæring. Dette kan truleg skuldast at det er etter måten låg arbeidsløyse i Sogn og Fjordane.

Det er framleis størst søking og aktivitet i helse- og sosialfag, og spesielt helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget. Også i 2010 har det vorte sett i gong eller vidareført kurs i helsearbeidarfaget både i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Fylkesmannen har gjeve økonomisk støtte til kompetanseheving i omsorgssektoren.

Sogn og Fjordane kom i 2010, saman med 3 andre fylke, med i eit 3-årig prosjekt initiert av Kunnskapsdepartementet: ” Vidaregåande opplæring for arbeidssøklarar”. Hovudmålgruppa er unge vaksne arbeidssøklarar. Kommunane Høyanger og Flora er med i prosjektet som er eit nært samarbeid mellom NAV og fylkeskommunen. Dei vidaregåande skulane og NAV-kontora i Høyanger og Flora er dei utøvande partane i prosjektet. Sjølv opplæringstilbodet vert finansiert over

fylkeskommunale midlar til vaksenopplæring.

2.3.3 Nærare om måleindikator Ø2-1 Avvik mellom årsprognosar og årsrekneskap

Resultat:

Opplæringssektoren samla hadde i 2010 eit mindreforbruk i høve vedteke budsjett på 6,074 mill. kr.

Vurdering:

Fylkesdirektøren styrer etter vedteke budsjett m.a. ved utarbeiding av årsprognosar og vurdering av tiltak ved 1. og 2. tertial. Tertialrapporteringa omfattar endringar i høve føresetnadene for fordeling av økonomiske rammer til ulike delar av opplæringssektoren. I tillegg til tertialrapportering vert tilhøvet mellom budsjett og forbruk på fylkesdirektøren sine ansvarsområde vurdert løpande. Etter fylkesdirektøren si vurdering er det bra samsvar mellom utarbeidde prognosar og årsresultat. Det viser seg likevel at det generelt er utfordrande å budsjettere på ein del anslagspostar som t.d. gjesteelevar, tilskot til lærebedrifter, fagprøver og tilpassa opplæring. Dette fordi fylkesdirektøren ikkje kjenner tal elevar og lærlingar/ lærekandidatar som vert omfatta av ordninga, før året er omme.

Kritisk suksessfaktor : Fokus på fysisk og psykisk arbeidsmiljø (K5)

Måleindikator: Sjukefråvær (K5-1)

Ambisjonsnivå: Maksimum 5 %

Resultat:

Sjukefråværet for dei vidaregåande skulane samla var i 2010 registrert til 4,2 %.

Vurdering:

Registrert sjukefråvær for dei vidaregåande

skulane samla viser ein nedgang på 0,8 % i høve 2009. Statistikken for 2010 viser samstundes at 3 av 15 skular (20 %) har eit sjukefråvær på over 5% og at kvinner har eit høgre sjukefråvær enn menn (høvesvis 5,3% og 3,1%). Ulikskapane i nivå på sjukefråvær mellom kvinner og menn er i samsvar med ulikskapar registrert på landsbasis. Skulane må halde fram arbeidet med å følge opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere



årsaker og å finne mottiltak til det arbeidsmiljørelaterte fråværet.

3. Effektiviseringstiltak

Dei vidaregåande skulane har for skuleåret 2010/11 ei oppfylling i grupper på om lag 93 %. På studieførebuande utdanningsprogram er oppfyllinga om lag 95 %, medan dei yrkesførebuande utdanningsprogramma har ei oppfylling på om lag 91 %. Oppfylling pr. nivå er: Vg1 96 %, Vg2 90 % og Vg3 92 %.

Tilbodet i 2010 samsvara i stor grad med søkjarane sine ønske. Sjølv med ein desentralisert skulestruktur syner oppfyllingsprosenten over år ei stabil og god utnytting av ressursane.

Fleire av dei store bygge- og investeringsprosjekta har som mål å samlokalisere aktiviteten ved den einskilde skule. Dette gir meir tenleg og effektiv drift, både fagleg og økonomisk.

4. Folkehelse, fysisk miljø og inneklima

4.1 Folkehelsearbeid generelt

Dei vidaregåande skulane driv aktivt førebyggjande og helsefremjande arbeid. Miljøkoordinatorane, skulehelsetenesta og folkehelsegruppa er sentrale i arbeidet. For skuleåret fekk skulane 0,012 mill. kr.- til ulike tiltak forankra i eigen handlingsplan.

4.2 Psykisk helse

Psykisk helse er eitt av hovudområda i mandatet til folkehelsegruppene. Dei fleste skulane deltek årleg på fylkesvis Dialogkonferanse om Ungdom og psykisk helse, i regi av Sosial- og helsedirektoratet. Fleire skular gjennomfører VIP-opplegget for Vg1-elevar og nokre få er MOT-skular.

4.3 Ernæring

Skulane held fram satsinga på sunne mattilbod i kantinene. Nokre tilbyr kurs i ”tillaging av sunn hybelmat”, kurs i “kvardagsmat” og har felles matlagingskveldar. Fleire har salatbar, og dei tilbyr gratis frukt, billeg frukost og middag. Kravet om at kantinene skal vere sjølvfinansierte gjer at dei ikkje får satsa så sterkt som ønskeleg på sunnare kosthald.

4.4 Fysisk aktivitet

Det er utfordrande å få til auka fysisk aktivitet i skuledagen. Ein skule opplyser at dei har kjøpt inn tredemølle, og at elevane som bur på internat kan få låne ski. Nokre skular tilbyr gratis transport til alpinbakkar på kveldstid. Elles ser skulane betre tilrettelagd uteområde som viktig tiltak for å få til auka fysisk aktivitet.

4.5 Rus og tobakk

Skulane arbeider systematisk med rusførebygging. Mindre tobakksbruk er framleis eit satsingsområde. 9 skular har vedteke røykfritt skuleområde, medan resten tillet røyking på tilviste plassar. Fleire skular har prøvd å tilby røykesluttkurs, men få av kursa kjem i gang. Dette kan ha samband med at deltakarane sjølve må finansiere kursa. Det er ikkje gjort vedtak om tobakksfri skuletid i Sogn og Fjordane.

4.6 Skader og ulukker

Skulane gjennomfører ulike trafikktryggingstiltak, særleg retta mot russen. Kommunal- og regionaldepartementet har sett i gang prøveprosjektet “Føraropplæring i vidaregåande skule” der Dale vidaregåande skule deltek. Skulen har fått kr 200 000,- til å prøve ut gratis føraropplæring i skuletida. Nokre skular har fått midlar til ulike tiltak frå Fylkestrafikktryggleiksutvalet. I 2010 hadde



kring 170 lærlingar trafikktryggleik som tema på regionvise læringsamlingar.

4.7 Fysisk miljø og inneklima

Det vart i 2010 gjennomført følgjande tiltak:

- Stryn vidaregåande skule: installasjon av nytt ventilasjonsanlegg blokk 1
- Årdal vidaregåande skule: nytt lysanlegg og lysstyring i kantine/fellesareal
- Etter søknad fekk fylkeskommunen i 2009 tildelt kr. 11,6 mill. i statlege tiltaksmidlar frå ENOVA. Midlane var øyremerka gjennomføring av energisparetiltak og er nytta til utskifting av lysarmatur og lysstyringsanlegg i tillegg til oppgradering av vassborne varmeanlegg ved Måløy, Mo og Jølster, Øyrane, Hafstad og Flora vidaregåande skular.
- Fylkeskommunen har i perioden 2005 til 2010 gjennomført eit prosjekt med fokus på effektiv energibruk i bygningsmassen. ENOVA har etter søknad tildelt dette prosjektet 8 % av samla investeringskostnad. Prosjektet har synleggjort ei målbar innsparing i underkant av 1,0 mill. kilowattimar.

Det vart i tillegg gjennomført ulike arbeidsmiljøtiltak ved skulane, som t.d. oppgradering/tilpassing av arbeidsplassar og kartlegging av inneklima.

5. Spesielle politiske saker

Fylkestinget handsama:

- Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2010-2011 – sak 0014/10
- Trivselshagen IKS - idrettsdel, finansiering av delprosjekt 1 - sak 0026/10
- Sogn jord- og hagebruksskule - utgreiing om framtida for skulen – sak 0040/10

- Forvaltningsrevisjon 2010 - Minoritetsspråklege elevar - handsaming av rapport – sak 0041/10
- Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014 – sak 0055/10
- Ferdigstilling av fylkesarenaen Fosshaugane Campus. Søknad frå Sogndal Fotball AS – sak 0057/10
- Oppretting av eit felles interkommunalt selskap (IKS) for å ta hand om drifta av Vigo og eit eventuelt samarbeid om skuleadministrative system – sak 0063/10
- Sikkerheitssenteret i Måløy – ny satsing – sak 0065/10

Hovudutval for opplæring handsama:

- Endring av fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane – sak 0002/10
- Styrking av skulehelsetenesta i vidaregåande skule – sak 0006/10
- Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2010-2011 – sak 0008/10
- Strategiplan for Den kulturelle skulesekken 2010-2014 – sak 0011/10
- Kjøp av skuleplass i andre fylke – sak 0013/10
- Kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2010 – sak 0014/10
- Evaluering av den digitale satsinga i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane – sak 0017/10
- Strategisk plan for pedagogisk bruk av IKT 2010-2012 – sak 0018/10
- Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2008-2011. Rapport og handlingsprogram 2009/2010 – sak 0019/10
- Opplæringstilbodet for skuleåret 2010-2011, Dale vidaregåande skule – sak 0025/10
- Revisjon av fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane – sak 0022/10




- Mål og strategiar for utvikling av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015 – sak 0026/10
- Opplæringstilbodet for skuleåret 2011 – 2012 – sak 0031/10
- Innføringsgrupper for minoritetsspråklege, skuleåret 2011/2012 – sak 0032/10

6. Likestilling

6.1 Søkjarar til skuleåret 2010/2011 fordelt på kjønn, utdanningsprogram og lærefag

Totalt søkjartal til skule og bedrift var 5393. 48% kvinner og 52% menn. Det er lik prosentdel kvinner og menn som søker opplæring i skule, medan det til opplæring i bedrift er fleire menn enn kvinner som søker, (menn 76%, kvinner 24%). Det er ikkje store endringar på kjønnsfordeling i søkinga i høve tidlegare år. Søkjarane fordelte seg slik på utdanningsprogram (inkl. påbygging til generell studiekompetanse) i 2010:




Forkortingar:

BA Bygg- og anleggsteknikk
 DH Design og handverk
 EL Elektrofag
 HS Helse- og sosialfag
 ID Idrettsfag
 MD Musikk, dans og drama

MK Medium og kommunikasjon
 NA Naturbruk
 PB Påbygging generell studiekomp.
 RM Restaurant- og matfag
 SS Service- og samferdsle
 ST Studiespesialisering
 TP Teknikk og industriell produksjon





Forkortingar:

BA Bygg- og anleggsteknikk

DH Design og handverk

EL Elektrofag

HS Helse- og sosialfag


NA Naturbruk

RM Restaurant- og matfag

SS Service og samferdsel

TP Teknikk og industriell produksjon


6.2 Status og utfordringar i høve personalsituasjonen ved dei vidaregåande skulane



Del kvinnelege leiarar har auka med 7% frå 2009 og utgjer i 2010 42% av samla tal skuleleiarar. Tal kvinnelege rektorar har auka frå 4 til 6, dvs 50% auke. I


mellomleiargruppa har kvinne delen auka med 6% i same tidsrom.





Talet på pedagogar er stabilt, med totalt 828 personar.

Kvinnedelen utgjer vel 44%, det same som året før.



Tal pedagogar er stabilt, med kvinneleg overvekt i aldersgruppa 20-49 år. Frå 50 til 70 år er det ei markant overvekt av menn. 54 % av pedagogane er 50 år og eldre, og 23% er over 60 år. Dette syner at målretta rekrutterings - og stabiliseringstiltak må ha høg prioritet også i åra framover.

6.3 Oppfølging av vedteken handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald

For 2010 rapporterer dei fleste skulane at dei er i oppstartfasen når det gjeld arbeidet med utarbeiding av lokale mål og tiltak for oppfølging av handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfald. Fleire av skulane rapporterer at gjeldande



utviklingsplanar inneheld aktuelle tiltak.
Oppfølging av vedteken handlingsplan vil
vere tema i fylkesdirektøren sin dialog med
skulane.





SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 30 20
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Foto: Hildegunn Løken Holtan/Fjordenes Tidende